



Sak nr 41/2012

Møtedato: 7.11.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Brede Martinsen (94/6) ber i brev datert 24.2.12 fjellstyret om uttale til ev. dispensasjon frå arealgrensa i kommuneplanen. Hytta ligg ned for Panoramavegen, mellom Flyin og Flisøyne.

Martinsen ynskjer å rive eksisterande uthus på 15 m² og erstatte det med to uthus på 10 m² kvar. Hytta er på 90 m². Samla areal er derfor høgare enn det som blir tillete etter kommuneplan (80 m² BRA).

Grunngjeving for søknaden er at hytta er delt i to einingar og det er ynskje om eit uthus til kvar eining. Hytta er registrert som ei eining og delinga er ei intern fysisk deling av huset.

Eventuelt utviding av arealet føresett dispensasjon frå kommuneplan. I gjeldande kommuneplan står det følgjande om dispensasjon: *Kommunen ynskjer å føre ein særskilt streng politikk i forhold til dispensasjonssøknader i statsallmenningen (LNF-2 og 3 område). Det skal ligge føre særskilde og vektige grunnar for å gje dispensasjon frå desse føresegnene.*

Fjellstyret behandla ein tilsvarande søknad i sak 4/2001. Ein fann den gong ikkje grunnlag for å tilråda dispensasjon.

Uttale:

Fjellstyret finn ikkje at det ligg føre særskilte/vektige grunnar og frårådar at det blir gjeve dispensasjon.

Einstemmig vedteke.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Brede Martinsen
Vestre Slidre kommune